
Fra: Anne Grøslund [mailto:angroesl@online.no]

Sendt: 1. august 2012 18:27

Til: Postmottak KUD

Emne: HØYRINGSUTTALE OM SKRIVEMÅTE AV STADNAMN

Eg viser til endringsframlegg til lov om stadnamn, lagt fram av Kulturdepartementet den 16. april 2012. Det er naturleg at skrivemåten på gardsnamn framleis skal fastsetjast av Statens kartverk, men eg meiner det er uheldig at skrivemåten av bruksnamn skal kunna fastsetjast av grunneigaren.

Som sentralt argument vil eg peike på at skrivemåten ofte har vore vilkårleg. I ei tid med dansk, også noko tysk, som skriftspråk og stilideal, finst det belegg for mange underlege skrivemåtar av eitt og same namn. Viss ulike eigarar skal markere seg gjennom ein spesiell skrivemåte, vil det bli forvirrande og lett føre til mykje rot. Dei norske stadnamna er ein del av kulturhistoria for oss alle, og difor er det rimeleg at det er ei offentleg oppgåve å fastsetja skrivemåten. Eg ber difor Stortinget om ikkje å gjera noka endring her.

Helsing

Ola Grøslund
(lektor med hovudfag i nordisk)